



Arkivnr: 2015/11763-3
Saksbehandlar: Rolf Rosenlund

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saksnr. | Møtedato |
|-------------------------------|---------|------------|
| Utval for miljø og samferdsel | | 14.01.2016 |
| Fylkesutvalet | | 29.01.2016 |

Innføring av AutoPASS i ferjedrifta

Samandrag

I samband med utlysing av nye anbod i ferjedrifta, må det takast stilling til om ein skal leggja opp til bruk av AutoPASS-brikkebetaling. Fylkesrådmannen rår til at det vert opna for bruk av AutoPASS-brikkebetaling i ferjedrifta der dette høver med driftsvilkåra i det einskilde samband. Kva samband som skal ha AutoPass-brikkebetaling vil det bli teke stilling til på eit seinare tidspunkt. Fylkesrådmannen rår til at operatørane får ansvar for billetteringsutstyret og det tekniske utstyret knytt til AutoPASS.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner at det vert lagt inn ein opsjon i konkurransegrunnlaga for ferjeanboda om at det kan bli innført AutoPASS-brikkebetaling på ferjesambanda i Hordaland. Fylkesrådmannen får fullmakt til å avgjerde kva konkrete samband slik betaling skal innførast på.
2. Fylkesutvalet godkjenner at operatørane får ansvar for billettering og billetteringsutstyr samt det tekniske utstyret til AutoPASS.
3. Fylkesutvalet ber om å bli halde orientert om det vidare arbeidet med AutoPASS.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 22.12.2015

Innleiing

Statens vegvesen har i lengre tid arbeidd med å leggja til rett for bruk av AutoPASS i riksvegferjedrifta. Det nye betalingssystemet skal vera klar til bruk i løpet av 2016. I samband med dette er det utarbeida eit konsept for korleis ferjekortsamarbeidet kan vidareførast etter innføring av AutoPASS brikkebetaling. I dag føregår det eit samarbeid mellom ferjeselskapa som opererer på Vestlandet, i Vest-Agder og på nokre samband i Trøndelag og Nord-Norge om rabattkorta, slik at ein kan reisa på same kortet uavhengig av operatør. Det finn stad ei inntektsavrekning mellom operatørane i etterkant av reisa.

Statens vegvesen ynskjer at flest mogeleg av fylkeskommunane vil ta del i samarbeidet om AutoPass. Ein kan ta del i dette samarbeidet utan å innføra AutoPASS brikkebetaling på sambanda. Hordaland fylkeskommune har varsla Statens vegvesen om at ein vil ta del i dette kortsamarbeidet. I praksis inneber dette at:

- Dagens verdikort/storforbrukarkort vert erstatta av eit nytt ferjekort som vert kalla AutoPASS-ferjekort.
- Førehandsbetalte beløp vert lagt inn på ein sentral kundekonto kalla AutoPASS-ferjekonto.
- AutoPASS-ferjekort vert knytt til AutoPASS-ferjekontoen og vert nytta på ferjesamband som er med i ferjekortsamarbeidet, og som ikkje har innført brikkebetaling (manuell betaling).
- AutoPASS-brikken vert knytt til den same AutoPASS-ferjekontoen til bruk i dei ferjesambanda som har innført brikkebetaling (automatisk betaling) og som er med i ferjekortsamarbeidet.
- Betalingssystemet føreset at Sentral Tjenesteleverandør vert nytta.
- Det nye betalingssystemet gjev same rabattar som i dag.

Statens vegvesen, Vegdirektoratet, har ansvar for riksregulativet for ferjetakstar. Dette regulativet vert også nytta i ferjedrifta i Hordaland. Det er no utarbeida eit eige regulativ for samband som nyttar AutoPASS-brikkebetaling. I dette regulativet tek ein ikkje betalt for passasjerar. Ettersom inntektsgrunnlaget ikkje skal svekkast som følgje av overgang til nytt regulativ, så er køyretøytakstane noko auka.

Eit sentralt element i det nye systemet er etableringa av Sentral Tjenesteleverandør. Dette organet skal utsteda AutoPASS-ferjekort og handsama transaksjonar på vegne av alle ferjeselskapa som er med i ferjekortsamarbeidet. Det vert gått vekk frå ordninga med pant på ferjekorta. Det nye AutoPASS ferjekortet vert betalt gjennom eit gebyr. Drifta av Sentral Tjenesteleverandør vert dekkja av eit gebyr per transaksjon. Statens vegvesen vurderar at kostnaden per transaksjon vert relativt låge, sidan alle dei store riksvegsambanda vert med i kortsamarbeidet. Utvikling og drift av Sentral Tjenesteleverandør vert lagt ut på anbod.

AutoPASS i riksvegferjedrifta

Statens vegvesen vil vurderar innføring av AutoPASS-brikkebetaling i riksvegsambanda etter kvart som nye ferjekontraktar vert lyst ut. Så langt er fylgjande samband aktuelle. Sambandet Moss-Horten startar opp 01.01.2017. Sambandet Anda-Lote er nyleg lyst ut på anbod med AutoPass-brikkebetaling, og med oppstart 01.01.2018. På sambanda Mannheller-Fodnes og Hella-Vangsnæs-Dragsvik vert det lagt opp til å nytta AutoPASS-takstregulativ frå 01.01.2016, medan målet er å innføra AutoPASS-brikkebetaling i løpet av 2016-2018.

AutoPASS i fylkesvegferjedrifta

I saka om *Nye ferjeanbod i Hordaland – strategiske vegval* (FUV 29.01.2015) vart det orientert om arbeidet med å innføra AutoPASS i ferjedrifta, og det vart varsla om at fylkesrådmannen ville koma tilbake med ei eiga sak om dette. I samband med handsaminga av denne saka vart det m.a. vedtek at dei nye ferjekontraktane skal baserast på bruttoanbod, dvs at fylkeskommunen har inntektsansvaret.

I dei nye anbudskontraktane vert det lagt opp til at operatørane har billetteringsansvaret. For fylkeskommunen vil det vera viktig å leggja til rette for raske og smidige billetteringsløyser som vil gje effektiv trafikkavvikling. For ein del av sambanda i fylket vil truleg AutoPASS vera ei tenleg løysing. Etter det som er opplyst av ferjeoperatørane på dialogkonferansen så vil ein ikkje kunna redusera bemanninga som følgje av AutoPASS på grunn av tryggleikskrava.

Innføring av AutoPASS krev visse installasjonar på landsida for plassering av det tekniske utstyret. Det tekniske utstyret består grovt sett av brikkelesar og lengdemåling.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen vil rå til at det vert lagt til rette for å ta i bruk AutoPASS i ferjedrifta når dei nye ferjekontraktane startar opp. Kva samband som skal få AutoPASS-brikkebetaling vil bli avklara i det vidare arbeidet. Her må det gjennomførast ei nærare vurdering av behov knytt til dei einskilde sambanda.

Operatørane vil få ansvar for billettering og billetteringsutstyr i dei nye anboda. Fylkesrådmannen finn det då rimeleg at operatørane også får ansvar for å investera i og drifta det tekniske utstyret som trengst for å nytta AutoPASS. På dialogkonferansen opplyste operatørane at det ville vera stor økonomisk risiko knytt til ansvaret for byggja dei ikkje-tekniske installasjonane på land. Fylkeskommunen eig dei fleste ferjekaiane i fylket (4 kommunale) og det er Statens vegvesen som har ansvar for drift og vedlikehald av kaiane. Fylkesrådmannen finn det kompliserande viss operatørane skal ha ansvar for å føreta installasjonar på fylkeskommunal eigedom som er drifta og vedlikehalde av ein tredjepart. Fylkesrådmannen vil difor rå til at installasjonane på land vert kosta og bygt av fylkeskommunen.